

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

I N S T R U K S

**FOR FORVALTNING AV TILSKOT TIL
TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK I KOMMUNANE**

Mars 2013

1. Formål med og målgruppe for ordninga

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver midlar til trafikktryggingstiltak i kommunane. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak langs kommunale eller fylkeskommunale vegar.

Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale vegar i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdast. I spesielle tilfelle kan midlane, dersom kommunane sjølv ynskjer det, og brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.

Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokale trafikktryggingssplanar eller andre prosjekt som FTU ynskjer å støtta.

2. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

Trafikktryggingssutvalet (FTU) forvaltar midlane på vegner av fylkeskommunen. Statens vegvesen er sekretariat for FTU og utfører den praktiske administrasjonen av tilskotsmidlane. Midlane vert tildelt etter søknad til konkrete prosjekt/tiltak i den enkelte kommune. Den endelege prosjekt-/tiltakslista blir lagt fram for FTU for vidare handsaming og vedtak.

3. Informasjon om ordninga

Statens vegvesen sender brev til alle kommunar i fylket og orienterer om ordninga seinast innan 15. oktober året før tildelingsåret. I brevet skal det opplysast følgjande:

- a) Målet for ordninga
- b) Kva tiltak/prosjekt/utgifter som kan få tilskot
- c) At søknad skal stilast til Statens vegvesen
- d) Søknadsfrist. Søknad skal sendast seinast innan 1. desember året før tildelingsåret.
- e) Krav til eigendel og dekning av overskridingar.
- f) Krav til fagleg og økonomisk skildring av prosjektet

Det kan maksimalt søkjast om 75 pst. av prosjektet/tiltaket sitt kostnadsoverslag.

Mottekne søknader og svar skal arkiverast på ein oversiktleg måte.

4. Nærare om krav til søknaden sitt innhald

Det er eit krav for tildeling av midlar til kommunane at dei har ein trafikktryggingssplan. For å få tilskot er det krav om at tiltaket/prosjektet har godkjent reguleringsplan i den grad dette er nødvendig.

Kommunen kan søkja om midlar til tiltak/prosjekt på kommunal veg og føreslå prosjekt/tiltak på fylkesvegnettet, i spesielle tilfelle også riksvegnettet. Ved søknad om midlar til fleire tiltak/prosjekt frå ein kommune, må kommunen prioritera mellom tiltaka/prosjekta.

Søknaden skal innehalde:

- a) Kva kommune som søkjar om midlar. Bank-/postgirokonto som eventuelt tilskot kan overførast til skal gjevast opp.
- b) Fagleg skildring av prosjektet/tiltaket. Eige prosjektskjema skal nyttast ved søknad om midlar.

- c) Søknaden skal innehalde stadfesting på at ein eigendel på minimum 25 pst. vil verta løyvd.

5. Reglar for handsaming av søknadane

Statens vegvesen går gjennom dei innkomne søknadane frå kommunane og vurderar:

- a) Om alle krava i orienteringsbrevet og til søknaden er innfridd. Om dette ikkje er tilfelle, kan søkjaren tilskrivast og oppmodast til å revidera eller supplera søknaden innan ein fastsett frist.
- b) Om kostnader, finansieringsplan og framdriftsplan er realistiske.
- c) Faglig vurdering av søknadane.

Statens vegvesen kan føreslå eigne tiltak på fylkesvegnettet i tillegg til det kommunen har føreslege og prioritert. Desse tiltaka/prosjekta må skildrast på same måte som for tiltak/prosjekt søkt om frå kommunane.

Statens vegvesen utarbeidar forslag til prioritering av prosjekt og tiltak og legg saka fram for handsaming i FTU seinast innan 1. februar i tildelingsåret. Vedtak i FTU om fordeling av tilskot vert gjort seinast innan 1. mars.

6. Tilbakemelding til kommunar som får tildelt tilskot – innhald i tilsegnsbreva

Statens vegvesen sender på bakgrunn av vedtak i FTU tilsegnsbrev til dei kommunar som får tilskot.

Tilsegnsbrevet skal innehalde følgjande:

- a) Opplyse om kva prosjekt/tiltak som får tilskot. Dersom det er knytt spesielle faglege eller tekniske krav til gjennomføring av prosjektet skal dette presiserast.
- b) Plikt til tilskottsmottakar om å informere Statens vegvesen dersom tiltaket/prosjektet ikkje let seg gjennomføre som føresett med tanke på økonomi, framdrift eller tekniske/faglege tilhøve.
- c) Plikt til tilskottsmottakar om å gje melding til Statens vegvesen ved oppstart av prosjektet.
- d) Tilskotssum og krav til eigendel. Tilskottsmottakar er ansvarleg for overskriding på prosjektet/tiltaket utover kostnadsoverslaget. Ved eventuell kostnadsreduksjon blir tilskotet 75 pst. av dei reelle kostnadane.
- e) Frist for ferdigmelding er innan 30. november i tildelingsåret. Hovudregelen er at tilskotet vert trekt tilbake dersom eit prosjekt/tiltak ikkje vert ferdigmeldt det året tilsegn er gitt. Det kan ved spesielle høve søkjast om utsetjing av ferdigmelding (pkt. f).
- f) Om ikkje prosjektet vert ferdigmeldt eller fått løyve til utsetjing vil tilskotet bli trekt tilbake. Det kan søkjast på nytt for same prosjektet året etter.
- f) Utsetjing av ferdigmelding. Det kan søkjast om utsetjing av ferdigmelding dersom tiltaket er starta opp, men på grunn av spesielle årsaker ikkje kan ferdigstillast i tildelingsåret. Tilskotet vert likevel utbetalt i tildelingsåret, med krav om rapportering og attestert rekneskap når tiltaket er ferdig påfølgjande år. Eit prosjektet som får utsetjing av ferdigmelding, må seinast vere ferdigmeldt medio juni året etter.
- g) Tidspunkt for utbetaling av tilskot. Dersom stadfesting på eigendel ikkje er tilstrekkeleg avklara gjennom søknaden, skal dette avklarast før utbetaling skjer. Eventuell frist for søkjar til å melde tilbake til tilskotsforvaltar om at vilkåra for tilskotet vert akseptert.

- h) Krav til rapportering og stadfesting frå revisor.
- i) Atterhald om at Statens vegvesen kan setja i verk kontroll med at tilskotet er nytta etter føresetnaden.
- j) Reaksjonsformer dersom kommunane gir urette opplysningar eller ikkje brukar tilskotet i samsvar med vilkåra.

7. Informasjon til kommunar som ikkje får tilskot

Statens vegvesen skal informera dei kommunane som ikkje får tildelt tilskot om utfallet av tildelinga. Grunn for at tiltak ikkje vert innstilt vil som regel gå fram av saksframstillinga i den saka Statens vegvesen legg fram for FTU når midlane vert tildelt.

8. Utbetaling og regnskapsføring av tilskot samt rekvirering av eigendel.

Følgjande utbetalingsplan skal leggjast til grunn:

- a) Tilskot til kommunar skal utbetalast når prosjektet/tiltaket er ferdigmeldt eller fått løyve til utsetjing av ferdigmelding.
- b) For prosjekt der vegkontoret er byggherre vert midlane sett til disposisjon i takt med prosjektet si framdrift.

9. Krav til rapportering

Det vert stilt krav om følgjande:

- a) Sluttrapport og avslutta rekneskap for prosjektet/tiltaket frå kommunen. Rekneskap skal setjast opp på same måte som budsjettet. Budsjettoppstillinga skal alltid setjast opp saman med rekneskap for å lette samanlikninga.
- b) Stadfesta rekneskap frå revisor over prosjekt/tiltak dersom tilskotet er på kr 100.000 eller meir.
- c) Tidsfrist for levering av rapport og rekneskap.

10. Statens vegvesen si oppfølging og rapportering

Statens vegvesen skal føra oversikt over gitte tilsegn og utbetalingar som vert gjort.

11. Kontroll

Statens vegvesen ved sekretariatet har rett til å setja i verk kontroll med at tilskotet er nytta etter føresetnaden. Eventuell kontroll må tilpassast etter storleik på tilskotet.

Statens vegvesen sin kontroll med tilskot til kommunane skal ta utgangspunkt i følgjande:

- a) Synfaring og godkjenning av anlegget. Prosjektet/tiltaket skal også kunne kontrollerast undervegs.
- b) Vurderingar av om rapportar og rekneskap verkar realistiske. Det skal undersøkjast om kriteria for tildeling og krava i tilsegnsbrevet er oppfylt.

Om Statens vegvesen finn grunn til å tvila på opplysningane i rapportar og rekneskap, bør sekretariatet be kommunen om nærmare opplysningar. Det må setjast ein frist for svar.

Dersom det viser seg at kommunen gir feil opplysningar eller ikkje bruker tilskotet i samsvar med føresetnadene, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt.

**SØKNAD OM TILSKOT TIL TRAFIKKTRYGGINSTILTAK I
KOMMUNANE 2015**

.....KOMMUNE

PROSJEKTSKJEMA

Prosjektnamn:.....

Prioritet:.....Skulekrets:.....

Fylkes-/riksvegnr.:.....Kommunal veg:.....Privat veg:.....


Type tiltak:.....

Totale anleggskostnader:.....Søknadssum:_____

Eventuell restfinansiering:.....

Dekning av eventuell restfinansiering:.....

Oversiktskart/skisse som viser kvar prosjektet er lokalisert. (Før på nordpil, nødvendige stad- og vegnamn, vegnummer, skoler, butikk, bustadområde og liknande).



Målestokk 1:

Framstilling av problemet:

Forslag til tiltak/ framstilling av planen:

Kva politiske organ i kommunen har handsama planen og kva vedtak er fatta?

Behov for ytterlegare handsaming og vedtak:

Behov og status for grunnnerverv:

Kan arbeidet gjennomførast i kommunal regi og når kan dei eventuelt vere fullført?:

Andre opplysningar:

Kontaktperson i kommunen:

Vedlegg (kryss av):

Detaljplan

Kostnadsoverslag